

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lindås.

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag: Indre-Nordhordland.

Oppskr. av: Martin Toft.

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18. Br.nr. 5.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle og etter det ein minnest fortald av eldre folk.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Juletrær no vanleg i vår bygd.
2. Det første juletre som ein veit om her på garden var omkring 1875. Då måtte dei ha ei gjenta serskild til å pynta det. Ho hadde lært kunsten andre stader - kanskje i Bergen.
3. Juletre på fester vart først nytta seinar, helst på skulefestar. I kyrkja veit ein ikkje om at ein nytta juletre nokon gong.
4. Ein nyttar ikkje å pynta til stova som erstatning for juletre.
5. Einpyntar ~~ikkje~~ heller ikkje stova om ein har juletre, men på juletrefestar på skular pyntar dei romet. ~~+~~
6. Juletret har ymse storleik. Er borna små har ein gjerne ei lita buska på eit bord borte i ei krå, er borna større og steller med treet sjølv, må det rekkja under bjelkane, er borna konfirmerte alle, vert gjerne eit mindre tre nytta - set det på ei søyla eller ein krakk. Er det berre eldre folk i huset, er det sjeldan dei vil ha bryet med å stella til eit juletre.
7. Treet er pynta med kuler, store og små, glitter og kjøstas elles som ein får kjøpt. Sjølv lagar ein korgjer og lekkjer av ganspapir ein får kjøpt. No nyttar ein meir og meir krepp-papir til å pynta opp romet med når ein

har barnefestar..

b) ein nyttar alltid lys på juletreet, på festar til-
dels små elektriske perer som er laga til dette bruk.

8. Der borna er så pass store at dei maktar det, er det
dei som pyntar juletreet.

9. Sjå under punkt 6. Det står borte i ei krå når det ikkje
er brukt.

10. Ein kveikjer ljosa jolaftan når ein går rundt det for
fyrste gong - og sidan så lenge ljosa varer, men ein
må prøva å spara på ljosa slik at dei kan kveikja dei
i helgene seinare når det kjem andre born på vitjing.

11. Ein går rundt treet og syng songar og salmer. Desse
finn ein i dei ymse jolesonghefte som er i handelen.
Det er så mange at det er vant å nemna dei opp. Døme:
"No komar Gudsenglar med helsing". "Glade jol", "Å jol
med di glða", "Sæle jolekveld". "Du grøne glitrande Tre",

o. sb.

over

12. Treet vert oftast ståande ~~xxx~~ fram til tjuenhelga.

13. No har ein sjeldan noko etande på joleteet, ~~men~~ omlag

~~ved~~ århundreskiftet var det onnorleis. Då feste me nedst
på treet eple, appelsiner, og julemenner søte som sukker.
Alt dette gjekk me og såg på til over nyår, men litt
etter kvart synt det seg at det tok til å tynkst på
treet av det som etande var. Ein kveld vart ein gjerne
vart ein gjerne samd om å hausta det. Då tok ein av dei
vaksne gjerne på seg utdelinga - då det var vanskeleg
å makta det sjølve. I eldre tider nytta dei og julebrød,
"valknuter", "kringler" og "julajeiter" til å ha på juletreet.

14. Før nytta ein berre fura, no mykje gran. (frå plantefelt).

sumtid var også eine nytta - om ein ikke hadde fura.

15. Ein lagde og "tre" på den måte at ein borde hol for
furegreiner i ei stang og feste dei i slik at det såg
ut som eit trøteke heim frå skogen. Dei sa det var eit
"laga" tre.

16. Ein sette ikkje juletre~~xxx~~ opp utanfor huset. Juleneket sette ein på ei stang eller i eit tre som vaks nære husa slik at ein såg ~~det~~ få vindaugo.

1. Ein brukte ikkje ikkje ham på golvet jolaftan, men einebar.
2. Fell bort.
3. " " .
4. " " .

På garden Vettle-Urdal i Osterfjorden, fortalde ei gamal kona meg som var barnefødd der (Ho var fødd 1844) at dei kvar jolafta bar inn halmvondlar som dei la på utelemen, det skulle vera bol for "hudlane". "Kjønnes-~~knute~~ møss knute ~~xxx~~ er jule ute"; då bar dei utatt "hudlabolæ", men den som bar dei ut vart "lak" attpå so da var ei kvia å få dei bolæ utatt."

Det som har fest seg best i minnet frå barneåra er stunda då lysa i joleteet vart kveikte og unge og gamle tok kvarandre i hendene og song dei vene og kjære joleslmane. Den høgtid og andakt trur eg i vår tid vert mykje borte grunna den nye skikken å leggja jolegåvene under joletreet og dela dei ut på den tida. Nok er det at det ikkje alt var som det skulle ~~st~~ i gamle dagar heller med julegledene til oss born. Det hende ikkje sjeldan at då ein skulle hausta joletreet, så var det ikkje berre tynkast på greinene, ^{av, matkjønt} men~~x~~ sume av menn^{er} og kjerringane vanta gjerne ein fot eller ein arm, av andre hekk gjerne berre hovudet att. Endå tykkjer eg kjenna den gode søte smaken av jolemannfoten eg saug i meg. Å ja, det hende og at når ein skulle ta ned den glinsande gule og saftige appelsina så var det berre skalet som hang att. Då vart det gråt og illelåt av dei

4

små, og syndaren sat gjerne med ein kaldflir og fekk skjenn, ikkje så at han hadde smakt noko - nei han var nok reint skuldlaus han slik at dei vaksne vart mest i tvil og såg frå den eine til den andre - men neste år hadde gjerne ein yngre drege seg nytte av lærdomen. No er dette i minnet vorte noko skuldlaust som ein ~~gilt~~ ^{tykkjer} det er gilt. ~~vad~~ å minnast og fortel til mykje moro for andre.

4251

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NEG Jnr, 1612.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
 NORSK FOLKEMUSEUM
 BYGDEN

Som svar på spørsmål om kva utleem lyder kan ein opplysa:

På vanlege varringshus var det tre lemar, ovanpå daglegstova var stovelemer, ovanpå køkshuset i andre enden av huset - var loftet eller bualernen - då det ikkje alltid var køkksfolk i huset, var denne stova kalla ku (bue) ovanpå gang og kjøkken - i midten av huset - var så ein lem som var kalla utleem eller doralernen. Dette namn er i bruk i bygden her enda.

Schulauddrog, 17/4-1950.

4251

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Gyrdam
 Kallioff.